

## Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget

**Knut Inge Andersen (FNB)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkestinget vil vurdera å framskynda fylkesvegprosjektet Svelgen-Indrehus basert på evt. auka statlege løyvingar. Fylkestinget ønskjer ein snarleg, kritisk gjennomgang av nullutslepps- hurtigbåtprosjektet for Sogn og Fjordane for å få oppdatert kost/risikobilete slik at eventuelt framdriftsplan modifiserast for å redusere framtidige investeringar.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegner av Frp fram slik protokollmerknad:

«Frps representanter viser til at denne saka omhandlar rammer for Økonomiplanen 2020-2023. Enkelttiltak i både drifts- og investeringsbudsjettet vert å komma attende til i der vidare arbeidet med Budsjett 2021/Økonomiplan 2021-24. Frp røysta difor i mot framlegget frå FNB vedr. fylkesvegprosjektet Svelgen - Indrehus, og syner til eige vedtakspunkt i Finansutvalet si handsaming av saka.»

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Andersen sitt forslag fekk 6 røyster (FNB) og fall.

### Vedtak

1. Fylkestinget meiner gjelda til fylkeskommunen i økonomiplanperioden ikkje bør overskrida 115% av driftsbudsjettet. Dette er å sjå som ei styringsramme for kva finanskostnader investeringsbudsjettet påfører driftsråmene.

Fylkestinget vil peike på at nokre prosjekt har ekstern finansiering, heilt eller delvis, og difor belastar driftsbudsjettet med finanskostnader ulikt sjølv om dei aukar gjeldsgraden. Desse bør få ein særskild vurdering i ein budsjettprosess med krevjande økonomiske rårer.

2. Fylkestinget legg for den vidare budsjettprosessen til grunn slike rårer for investeringsbudsjettet:

Investeringsrårer i 1000 kr	2021	2022	2023	2024
SUM	5 700 204	5 343 438	4 031 028	3 391 229

Finansutvalet kjem attende med kva prosjekt som vert prioritert innanfor rårer ved eit seinare høve.

3. Fylkestinget legg til grunn slike sektorrårer for økonomiplanperioden for vidare utgreiingsarbeid:

	Budsjett 2020	2021	2022	2023	2024
Politisk styring, kontrollutv og org og øk	735 019	732 019	729 019	726 019	723 019
Strategi og digitalisering	169 884	167 884	165 884	163 884	161 884
Tannhelse	268 157	265 157	262 157	259 157	256 157
Kultur, idrett & inkludering	311 765	308 765	305 765	302 765	299 765
Infrastruktur og veg	1 167 692	1 155 692	1 143 692	1 131 692	1 119 692
Mobilitet og kollektiv	2 519 154	2 394 154	2 414 154	2 360 154	2 401 154
Innovasjon og næringsutvikling	236 753	233 753	230 753	227 753	224 753
Opplæring og kompetanse	3 468 210	3 431 210	3 394 210	3 357 210	3 320 210
Sum sektornivå	8 876 634	8 688 634	8 645 634	8 528 634	8 506 634

Fylkestinget vil påpeike at dette betyr reduksjon i drift som krev openheit om kva konsekvensar eit slikt sektorbudsjett vil gje. Fylkestinget ber administrasjonen utgreie konsekvensar av desse nedtrekka innan sektorane, og synleggjere alternative løysingar. Fylkestinget legg til grunn at hovudutvala blir involvert når det gjeld nedtak av tenesteytinga innan dei respektive utvala sine ansvarsområder.

### Protokollmerknad frå Frp

Frps representanter viser til at denne saka omhandlar rammer for Økonomiplanen 2020-2023. Enkelttiltak i både drifts- og investeringsbudsjettet vert å komma attende til i der vidare arbeidet

med Budsjett 2021/Økonomiplan 2021-24. Frp røysta difor i mot framlegget frå FNB vedr. fylkesvegprosjektet Svelgen - Indrehus, og syner til eige vedtakspunkt i Finansutvalet si handsaming av saka.